



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1203 - 23/24409

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
28.03.2023

Oversender til klagevurdering - del 1 av 2 - Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Saksopplysningar

Saka gjeld klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO) i sak 20/1203 med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om reguleringsplan (detaljplan) for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263-201407, som vist på plankart sist datert 20.08.2021 og med føresegner av revisjonsdato 20.08.21.

Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad i sør og Mongstad i nord (kryssar kommunegrensa mellom Alver og Austrheim).

Vedtaket frå Alver kommunestyre av 07.04.2022 har følgjande ordlyd:

«KO- 038/22 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Klage

Kommunen har mottatt klager frå 5 grunneigarar innafor planområdet over vedtak fatta av

Alver kommunestyre av 07.04.20221:

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1
2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7
3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79
4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3
5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO) på vedtatt detaljreguleringsplan for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, Planid. 1263-201407, vist på plankart sist datert 20.08.2021 og med føresegner av revisjonsdato 20.08.2021, vart handsama av Alver kommunestyre i møte den 23.02.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«Alver kommunestyre 23.02.2023:

Handsaming:

Maya Greve-MDG og Laila Bjørge-SP stilte spørsmål om habilitet som deltakar i sakshandsaminga. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Maya Greve og Laila Bjørge er inhabile i denne saka.

Framlegg frå H.Fyllingsnes-H:

Forslag til tilleggspunkt til vedtaket fra APM, 18.01.2023

I tillegg til punkt 1, kulepunkt 1 "Optimalisering av landbruksveggar som sikrar tryggere kryssing av fylkesvegen" blir det lagt til følgjande kulepunkt:

"det blir gjort en endring i reguleringsplanen og lagt til rette for trygg passasje for landbruk og mjuke trafikantar av fylkesveien ved gnr. 118, bnr. 1, ved hjelp av undergang eller overgang.

Framlegget vart vedteke med 28 røyster mot 15 røyster (A.K.Eknes-KRF, A.Hetlebakke-KRF, E.M.Dale-KRF, M.Andvik-KRF, S.Lavik-KRF, L.Johnsen-MDG, A.Helle-R, A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, H.Breivik-uavh., H.Dale-uavh., K.O.Larsen-uavh., M.Færø-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og S.Toff-V)

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 007/23 Vedtak:

Følgjande klager i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert tekne delvis til følgje.

1. **Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1.** Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegningsområdet skal det stå:

Innanfor føresegningsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggjeplan leggast vekt på følgjande:

- Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen. "det blir gjort en endring i reguleringsplanen og lagt til rette for trygg passasje for landbruk og mjuke trafikanter av fylkesveien ved gnr. 118, bnr. 1, ved hjelp av undergang eller overgang.
- Tilkomsveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følge ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

Kommunestyret sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følge, jf. punkta ovanfor.

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følge:

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79

4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3

5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.»

Del 1 av 2

Klagesaka har 2 saksframlegg og vedlegg. Del 1 av 2, med vedtaket frå KO av 23.02.2023 og vedlegg, er vedlagt. Melding om vedtaket og rett til å klage på vedtaket, er sendt til partane i klageomgangen og dei partar som vert berørt av vedtaket av 23.02.2023. Link til saka med vedlegg, finn dykk [her](#)

Del 1 - Saksframlegg med dato 07.01.2023:

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/23	Utval for areal, plan og miljø	18.01.2023
007/23	Alver kommunestyre	23.02.2023

Del 2 - Saksframlegg med dato 26.08.2022:

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/22	Utval for areal, plan og miljø	07.09.2022
136/22	Utval for areal, plan og miljø	09.11.2022
155/22	Alver kommunestyre	24.11.2022
160/22	Utval for areal, plan og miljø	07.12.2022

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune til klagevurdering.

Saksdokumenta sendast Statsforvaltaren i Vestland og Vestland Fylkeskommune via filemail. Filemail nyttar e-post ved utsending. Passord til filemail er **Alver-2023**. Filen er kun tilgjengeleg i 30 dagar. Husk å laste dei ned lokalt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er

motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harris Advokatfirma As Avd Bergen	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma As Avd Bergen	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harry Michal Rosnes	Amalie Skrams Vei 37	5036	BERGEN
Harry Michal Rosnes	Amalie Skrams Vei 37	5036	BERGEN
Karstein Jonas Stene	Hellebakken 3	5039	BERGEN
Karstein Jonas Stene	Hellebakken 3	5039	BERGEN
Liv Marit Hetlebakke Hope	Litlåsvegen 72	5955	LINDÅS
Olav Kåre Tykhelle	Mongstadvegen 162a	5955	LINDÅS
Olav Kåre Tykhelle	Mongstadvegen 162a	5955	LINDÅS
Rita Waagenæs	Mongstadvegen 497	5955	LINDÅS
Rita Waagenæs	Mongstadvegen 497	5955	LINDÅS
Øyvind Hope	Litlåsvegen 72	5955	LINDÅS
Øyvind Hope	Litlåsvegen 72	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune Innovasjon Og Næringsutvikling	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN